

# Jernbane er naudsynt

---

## Vedteke av SV sitt landsmøte 31. mars 2019.

Landsmøtet i SV meiner at 2019 må bli året då politiske parti må stå samla bak kravet om at utbygginga av jernbane i Nord-Noreg må starte. Veksten i trailertrafikk med dei konsekvensane vi har sett på nordnorske vegar i vinter er nok eit viktig argument for jernbane.

Vegane kan ikkje ta unna for den aukande veksten i godstransport. Både kvalitet og framkommelegheit på vegane tilseier at vi no må ha eit alternativ. Det alternativet er tog og skip.

Nord-Noreg fortener eit alternativ til flyet – det alternativet kan berre vere ein jernbane. Vi ser tydelegare og tydelegare at klimaendringane grip om seg. Skal vi kunne nå dei måla vi har sett internasjonalt må toget vere ein del av løysninga. For Nord-Noreg vil tog binde by og land tettare saman. Ein rask jernbane vil gjere det mogleg for fleire å bo i distrikta, sidan fleire arbeidsplassar blir innafor behageleg dagpendlaravstand. Det vil utvikle seg større bu- og arbeidsmarknadsregionar og det vil skapevekst i næringslivet.

### Sosialistisk Venstreparti krev derfor:

- Bygging av Nord-Noreg-banen må inn i neste NTP.
- Rask realisering av jernbanen mellom Rovaniemi og Kirkenes